



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Klage på dispensasjon for oppføring av naust - Alver - 60/28 - Langenes.

Vi viser til brev frå kommunen datert 29.01.2021. Saka gjeld dispensasjon frå LNF-formål og pbl § 1-8 for oppføring av naust. Kommunen gav avslag på dispensasjon i delegert vedtak, sak 20/13255, datert 30.10.2020. Vedtaket vart klaga på og Utval for areal, plan og miljø tok klagen til følge i møte 20.01.2021.

Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«Utval for areal, plan og miljø - 005/21:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplan for tidlegare Lindås og byggjegrænse mot sjø, jf. pbl § 1-8, for oppføring av naust. Med heimel i pbl §§ 20-3, jf. 20-2, jf. 20-1, vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av naust som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er følgjande:

- Oppføring av naustet vil ikkje føre til nokon terrenginngrep sidan det skal byggjast på stad der det har vore bygning før.*
- Fotavtrykket (BYA) vil ikkje vere større enn det opprinnelege naustet/ sjøbua.*
- Naustet er eit viktig kulturminne som vil vere tro mot original og lokal byggeskikk og tidlegare sjøbu.*
- Bygget vil ikkje verte ruvande eller dominerande på denne staden*
- Naustet får eit fint arkitektonisk uttrykk med tradisjonelle nausysnte funksjonar.*
- 2. etasje skal ikkje nyttast til hytteliknande bruk.*
- Naustet vil bidra til å oppretthalde kystkulturen. Presedensverknaden er ikkje tilstades då det her er snakk om gjenoppbygging av eit tidlegare bygg på staden.»*

Utval for areal, plan og miljø meiner at dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verta vesentleg sett til side, og for det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.



Statsforvaltaren i Vestland klagar på Utval for areal, plan og miljø sitt vedtak i møte 20.01.2021, sak 005/2021.

Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova (pbl.) sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.


Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) rådde i frå dispensasjon i brev av 07.09.2020. Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden.

I vår uttale la vi vekt på at:

- Sjølv om det tidlegare har stått eit naust her, så er det lenge sidan, og dispensasjonen må vurderast utifrå dagens situasjon.
- Vi var særleg kritisk til storleiken på naustet

Det omsøkte naustet er tenkt ført opp på same stad som naustet som vart rive i 1994. Etter det vi kan sjå så ligg det igjen ein betongplattning og båtopptrekk på staden. Den nærliggande strandsona består av nokon naust og brygger. Terrenget er bratt i området, med få stader ein kan kome seg heilt ned til sjøen. Det omsøkte området ser ut til å vere eit område ein kan gå ned til i dag og at den vidare ferdsele langs stranda vil verte vanskeleggjort dersom bygget det er søkt om vert oppført. Det er viktig at ein ikkje privatiserer slike områder.



Bygget skal liggje heilt i strandkanten, og skal vere i to etasjar. Vi vurderer at eit naust av denne storleiken vil vere meir dominerande i landskapet. Det er ikkje naudsynt med eit naust av denne storleiken til privat bruk. Sjølv om det vert presisert at bygget ikkje skal nyttast til «hytteliknande bruk», meiner vi likevel at eit bygg som er større enn naudsynt på sikt kan føre til eit press for endra bruk.



I vedtaket om dispensasjon er det lagt vekt på at naustet er eit viktig kulturminne. Det er ikkje dokumentert kva verdi det originale naustet hadde som kulturminne, og eit nytt bygg av liknande utsjåande vil uansett ikkje ha same kulturminneverdi som naustet som vart rive i 1994. Vi kan ikkje sjå at dette er eit relevant argument i denne saka.

Statsforvaltaren er også uroa for at ein dispensasjon kan føre til at det vert vanskeleg å avslå liknande søknader i framtida, og at ein kan få ei bit for bit nedbygging av strandsona. Alver kommune kan ha mange områder der det tidlegare har stått eit eldre naust som ein ønsker å bygge opp igjen. Vi kan ikkje sjå at dette er ei unik sak.

Det omsøkte naustet treng dispensasjon frå både LNF-formålet og frå byggjeforbodet i strandsona, i tillegg er det vesentleg større enn det overordna plan tillét i formål der ein kan oppføre naust. Vi minner også om at området ligg i sone 2 i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Her skal det svært mye til for å gje dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona. Området ligg også i Den indre farlei, der landskapet generelt er ein av dei viktige kvalitetane i strandsona. Vi meiner området har viktige strandsoneverdiar som vert tilsidesett ved nedbygging og auka privatisering. Storleiken på naustet er særleg skjerpande.

Statsforvaltaren i Vestland vurder etter dette at pbl § 1-8, vert vesentleg tilsidesette dersom det vert gitt dispensasjon for oppføring av naust som omsøkt. Jf. elles pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan vi heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Statsforvaltaren i Vestland klagar difor på Utval for areal, plan og miljø sitt vedtak i møte den 20.01.2021, sak 005/21.

Statsforvaltaren ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon, slik det er søkt om. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN